



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Administrasjonsutvalet	17/13	22.11.2017
Formannskapet	17/68	22.11.2017
Kommunestyret		

Budsjett 2018 - Økonomiplan og handlingsprogram 2018-2021 - Rådmannens endelege framlegg

Vedlegg:

- 1 Rådmannen sitt endelege framlegg til Budsjett 2018 - Økonomiplan og handlingsprogram 2018-2021 - Vedlegg 1
- 2 Budsjettnotat - mottak av flyktningar - Vedlegg 2.
- 3 Budsjettnotat Kyrkjeleg fellesråd - vedlikehald og investeringsbehov - Vedlegg 3.
- 4 Budsjett 2018 - ØP og HP 2018-2021 - Handsaming i råd og utval og fråsegner frå andre - Vedlegg 4.

Saksdokument:

Budsjett 2017 – Økonomiplan (ØP) og handlingsprogram (HP) 2017-2020.
K.sak 17/1 - Budsjett 2018 – Økonomiplan og handlingsprogram 2018-2021 – budsjettprosess 2017.
K.sak 17/18 – Budsjett 2018 - Økonomiplan og handlingsprogram 2018-2021 – førebelse budsjetttrammer.
Handsaminga i råd og utval.

Saksutgreiing:

Rådmannen legg med dette fram endeleg innstilling til budsjett 2018, økonomiplan og handlingsprogram 2018-2021 etter fråsegner i råd og utval m.fl., jf vedlegg 4 og 5. Vedtak i kommunestyret 14.02 og 20.06.17, budsjettføringsmøte i kommunestyret 10.05, budsjetttrapporatar for 1. og 2. tertial 2017, politiske føringar i revidert nasjonalbudsjett og statsbudsjettet, samt innspel frå etatane og Kyrkjeleg fellesråd er grunnlaget for framlegget.

Låge kraftprisar dei seinare åra og nå framlegg i statsbudsjettet til endringar i eigedomsskattereglane frå 2019 gjer budsjettarbeidet vanskeleg, driftsnivået har vore tufta på auke i desse kraftinntektene. Skattetala frå Sentralskattekontoret syner også ytterlegare nedgang i eigedomsskatten frå kraftanlegg med kr 3,8 mill. i 2018.

Om desse endringane i eigedomsskattereglane blir vedtekne i Stortinget er nok litt usikkert heilt til midten av desember. Dersom endringane kjem må nok ytterlegare innsparingar til for å dekkje opp mindre inntekter i åra framover. Rådmannen si tilråding til eigedomsskattevedtak i pkt 8 må kanskje justerast noko når budsjettsaka kjem til kommunestyret, det er mykje usikkert.

Budsjetterte innsparingar i 2017 ser også ut til å bli vanskeleg å nå, spesielt på planområdet Helse og omsorg, det trengst meir tid for å ta ned driftsutgiftene – venteleg kjem me i mål med dette i 2018.

Inntektene frå konsesjonskraftsalet er også usikre, men førebels sett til kr 9,5 mill. i 2018. Det er rekna 24 øre/kwh. Pristaket blir tilrådd sett til 36 øre/kwh.

Integreringsmidlane for 2018 er fordela ut på planområda, men ikkje vidareført i ØP sidan det er usikkert både med inntekter og utgifter på dette området framover.

Rådmannen gjer merksam på at inntektene frå integreringsmidlar er usikre sidan me ikkje veit kor mange som kjem i 2018 eller om det kjem nokon i det heile.

Kommunestyrets langsiktige mål om netto driftsresultat på 3,0% blir ikkje nådd i budsjettframlegget for 2018 heller. Vedteken økonomiplan(ØP) i desember 2016 har 0,5% som netto driftsresultat, men rådmannen tilrår nå budsjettering med tilnærma 0,6% i netto driftsresultat i 2018. Det er førebels ikkje lagt opp til større innsparingskrav på etatane sidan det er vanskeleg nok å klare innsparingskravet for 2017. Nye tiltak må i hovudsak dekkjast innan budsjettamma, jf tabell 3. Planområde 1 Sentraladm. er tilført kr 190 000 til ny lærlingplass. Planområde 3 Helse og omsorg er tilført kr 1 mill. ekstra for å dekkje opp feilbudsjettering i løn i 2017, i tillegg til det som går fram av tabell 3 – kr 325 000.

Målet er framleis eit netto driftsresultat på sikt på minst 3,0% og dette blir nesten nådd i 2021 om prognosane held. Dette har samband med at me frå 2019, slik det ser ut i dag, vil få småkommunetilskot på om lag kr 5,5 mill. – dette er ein del av rammetilskotet frå staten.

Vedlegg 1 syner rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018, økonomiplan (ØP) og handlingsprogram (HP) 2018-2021. Dokumentet har fleire tabellar som syner budsjettala. Driftsbudsjettammer for 2018 og 2018-2021 (ØP) går fram av tabell 1, og investeringsplan for 2018-2021 går fram av tabell 2. Prioriteringa av tiltak og innsparingar innan driftsbudsjettet med nærare vurdering av konsekvensane på kvart enkelt tiltak går fram av tabell 3. Netto innsparingar eller tillegg i ramma pr planområde i tabell 3 er lagt inn i økonomiplanen i tabell 1. Framlegg til nytt handlingsprogram (HP) for 2018-2021 er også utarbeidd. Det er gjort nokre endringar i HP (vedlegg 1), det er lagt inn noko om investeringane på planområde 3 og litt vurderingar kring næringsarbeidet og eventuell stilling som næringskonsulent under planområde 4. Rådmannen vil ikkje tilrå oppretting av nye stillingar i den usikre økonomiske stoda me er i nå.

I framlegget til budsjett har rådmannen tilrådd ein liten auke, i samsvar med prisutviklinga, av dei kommunale vatn- og kloakkavgiftene, 100% dekningsgrad blei nådd i 2016. Nye lokale føresegner for innsamling av hushaldsavfall m.m. er under arbeid og det vil koma eiga sak om event. endra renovasjonsavgifter.

I **investeringsplanen** er lagt inn midlar til prioriterte tiltak, finansiert av lånemidlar,

momskompensasjon, tilskot og fondsmidler, jf tabell 2. Det blir tilrådd litt større låneopptak sidan det ikkje er gjort låneopptak i 2017, men auka kapitalutgifter blir ikkje vesentlege, om lag kr 100 000.

Økonomiske føresetnader i framlegget er nedjustert til 2,2% lønsvekst i 2018 (1,5% lønsjusteringspott), 1,5% andre driftsutgifter, 2,0% lånerente og låneavdragstid på 30 år. Statsbudsjettet tilrår ein deflator på 2,3%. Rådmannen sitt framlegg inneheld såleis eit ytterlegare generelt innsparingskrav i tillegg til det som ligg inne i tala frå før.

Rådmannen si tilråding:

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 og budsjett 2018, med vedlegg, skal leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av kommunestyret si handsaming.

- a. For skatt på inntekt og formue blir nytta høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
- b. Kommunale gebyr og eigenbetalingar som ikkje er omtala andre stader i budsjettvedtaket blir auka med inntil 3%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det.
Rådmannen delegerast mynde til å fastsetje nøyaktige satsar innanfor denne ramma.
- c. Rådmannen justerar økonomiplantabellane og investeringsplanen etter endeleg vedtak i kommunestyret.
- d. 0,5% av lønsmidlane blir trekt ut av kvart planområde, lagt på planområde 1, og disponera av rådmannen med tanke på utjamning av lønsjusteringar.
- e. Konesjonsavgiftene for 2018 – kr 7,3 mill, blir nytta til næringsutvikling/næringsarbeid (ansvar 410, 451, 453 og 454, 3,3 mill kr) og til dekning av avdrag på investeringar (4,0 mill).
- f. Eventuelt større positivt eller mindre netto driftsresultat for 2018 etter endeleg vedtak i kommunestyret blir justert mot avsetjing til disposisjonsfond.

2. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med pkt 8 i handlingsprogrammet. Kommunale avgifter, dvs vatn. og kloakkavgifter blir auka med 1,5% i 2018. Renovasjonsavgiftene og slamavgifta blir auka i høve til vedtak i representantskapet i Renovest IKS og feieavgifta blir auka i høve til vedtaket i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

3. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2018 blir vedteke slik det går fram av tabell 1, tabell 3 og tabell 4 - skjema 1A og 1B i HP.

4. Budsjetttiltak

For å tilpasse utgifter og inntekter til dei fastsette måla, skal det bli gjennomført budsjetttiltak i samsvar med tabell 3 i taldelen til budsjettframlegget.

5. Fordeling av utgifter mellom etatane.

Etatane sine driftsrammer går fram av tabell 1, 3 og 4 i HP/ØP.

6. Investeringar.

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2018 i tråd med tabell 2 og tabell 5 - skjema 2a og 2b i budsjettframlegget/HP.

7. Låneopptak

Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån til investeringar med inntil 6,3 mill. kr. i 2018.

8. Eigedomsskattevedtak for 2018

a) Verkeområde:

For skatteåret 2018 skal det skrivast ut eigedomsskatt på "verk og bruk", jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 fyrste ledd, bokstav c.

b) Eigedomsskattesats:

Eigedomsskattesatsen for 2018 er 7 promille, jf. eskl. § 11 fyrste ledd.

c) Terminar:

Skatten skrivast ut i to terminar, jf. eskl. § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 20. mars og andre termin er 20. september.

9. Sal av konsesjonskraft

Pristaket ved sal av særavtalekrafta (konsesjonskraft) blir sett til 36 øre pr kwh for 2018, ekskl. nettleige og alle avgifter.

10. Kontrollutvalet

Kommunestyret vedtek budsjett for 2018 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 861 000, i samsvar med framlegget frå Kontrollutvalet.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 22.11.2017

Framlegg frå Fagforbundet (fremma AMU sitt vedtak):

1. Carport til bilar i heimesjukepleia blir flytta fram til 2018.
2. Garderobeanlegg på kommuneverkstaden blir flytta til 2018.

Framlegg frå Utdanningsforbundet:

Betala matpause i barnehagen innførast så fort formalitetane er på plass.

Framlegg frå Hilde Alice Vågslid, Ap:

Investeringsbudsjett: Toalett Tokke skule, kr 400 000 bir flutt fram til 2018.

Det var fyrst røysta over framlegget til Fagforbundet/Vedtaket i AMU:

Pkt 1:

Fall med 5 – 4 røyster

Pkt 2:

Vedteke med 5 – 4 røyster

Framlegg frå Utdanningsforbundet:

Fall med 6 – 3 røyster

Framlegg frå Vågslid:

Vedteke med 8 – 1 røyster

Rådmannen sin tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 og budsjett 2018, med vedlegg, skal leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av kommunestyret si handsaming.

- a. For skatt på inntekt og formue blir nytta høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
- b. Kommunale gebyr og eigenbetalingar som ikkje er omtala andre stader i budsjettvedtaket blir auka med inntil 3%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det. Rådmannen delegerast mynde til å fastsetje nøyaktige satsar innanfor denne ramma.
- c. Rådmannen justerar økonomiplantabellane og investeringsplanen etter endeleg vedtak i kommunestyret.
- d. 0,5% av lønsmidlane blir trekt ut av kvart planområde, lagt på planområde 1, og disponera av rådmannen med tanke på utjamning av lønsjusteringar.
- e. Konesjonsavgiftene for 2018 – kr 7,3 mill, blir nytta til næringsutvikling/næringsarbeid (ansvar 410, 451, 453 og 454, 3,3 mill kr) og til dekning av avdrag på investeringar (4,0 mill).
- f. Eventuelt større positivt eller mindre netto driftsresultat for 2018 etter endeleg vedtak i kommunestyret blir justert mot avsetjing til disposisjonsfond.

2. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med pkt 8 i handlingsprogrammet. Kommunale avgifter, dvs vatn. og kloakkavgifter blir auka med 1,5% i 2018. Renovasjonsavgiftene og slamavgifta blir auka i høve til vedtak i representantskapet i Renovest IKS og feieavgifta blir auka i høve til vedtaket i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

3. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2018 blir vedteke slik det går fram av tabell 1, tabell 3 og tabell 4 - skjema 1A og 1B i HP.

4. Budsjettiltak

For å tilpasse utgifter og inntekter til dei fastsette måla, skal det bli gjennomført budsjettiltak i samsvar med tabell 3 i taldelen til budsjettframlegget.

5. Fordeling av utgifter mellom etatane.

Etatane sine driftsrammer går fram av tabell 1, 3 og 4 i HP/ØP.

6. Investeringar.

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2018 i tråd med tabell 2 og tabell 5 - skjema 2a og 2b i budsjettframlegget/HP.

7. Låneopptak

Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån til investeringar med inntil 6,3 mill. kr. i 2018.

8. Eigedomsskattevedtak for 2018

a) Verkeområde:

For skatteåret 2018 skal det skrivast ut eigedomsskatt på "verk og bruk", jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 fyrste ledd, bokstav c.

b) Eigedomsskattesats:

Eigedomsskattesatsen for 2018 er 7 promille, jf. eskl. § 11 fyrste ledd.

c) Terminar:

Skatten skrivast ut i to terminar, jf eskl § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 20. mars og andre termin er 20. september.

9. Sal av konsesjonskraft

Pristaket ved sal av særavtalekrafta (konsesjonskraft) blir sett til 36 øre pr kwh for 2018, ekskl. nettleige og alle avgifter.

10. Kontrollutvalet

Kommunestyret vedtek budsjett for 2018 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 861 000, i samsvar med framlegget frå Kontrollutvalet.

Tillegg i adm.utvalet:

Garderobeanlegg på kommuneverkstaden blir flytta til 2018.

Investeringsbudsjett: Toalett Tokke skule, kr 400 000 bir flutt fram til 2018.

Saksprotokoll i Formannskapet - 22.11.2017

Framlegg frå Hilde Alice Vågslid, Ap:

Plan, næring- og teknisk etat vert styrka med ein 100% stilling som næringskonsulent. Rådmannen lyser ut stillinga rett på nyåret. (Inndekking av stilling kjem i budsjettmøte i Kommunestyret)

Framlegg frå Vidar Vindal, Ap:

Nytt tiltak 3.6. Leasing av ultralydsapperat vert sett opp med kr 30 000 pr år frå 2018. Inndekking eiga ramme.

Framlegg frå Birgit Johanne K. Olsnes, Sp:

1. Planområde 1 vert styrka med ei 100% stilling som næringskonsulent/næringsrådgjevar. Stillinga vert lyst ut på nyåret. (inndekking i endeleg budsjetttramme)
2. Auke ramme til planområde 4, jfr alt 1 i nye tiltak 4.3 (inndekking i endeleg budsjetttramme)
3. Auke stillingsprosenten til tildelingskontoret, pkt 3.3 nytt tiltak med 20%. Inndekking i endeleg budsjetttramme
4. Flytte postar på Investeringsplanen:
 - a. Toalett Tokke skule kr 420 000 til 2018 og 400 000 til 2019
 - b. Carport heimesjukepleia til kr 200 000 til 2018
 - c. Garderoben til kommune verkstaden kr 200 000 til 2018
5. Formannskapet ber administrasjonen legge fram ei sak som viser oversikt over praksis og kostnader for betala matpause for alle tilsette i Tokke kommune.

Det vart fyrst røysta over framlegget til Vågslid mot pkt 1 i Olsnes sitt framlegg:

Framlegget til Vågslid fall med 4 – 3 røyster

Pkt 2 i framlegget til Olsnes: Vedteke med 4 – 3 røyster

Pkt 3 i framlegget til Olsnes: Samrøystes vedteke

Investeringsbudsjettet:

4.a: Samrøystes vedteke

4.b: Samrøystes vedteke

4.c: Samrøystes vedteke

Framlegget til Vindal: Samrøystes vedteke

Framlegget til Olsnes pkt 5: Samrøystes vedteke

Rådmannen sin tilråding med endringane som kom fram i møtet:
Samrøystes vedteke

Vedtak

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 og budsjett 2018, med vedlegg, skal leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av kommunestyret si handsaming.

- a. For skatt på inntekt og formue blir nytta høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
- b. Kommunale gebyr og eigenbetalingar som ikkje er omtala andre stader i budsjettvedtaket blir auka med inntil 3%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det. Rådmannen delegerast mynde til å fastsetje nøyaktige satsar innanfor denne ramma.
- c. Rådmannen justerar økonomiplantabellane og investeringsplanen etter endeleg vedtak i kommunestyret.
- d. 0,5% av lønsmidlane blir trekt ut av kvart planområde, lagt på planområde 1, og disponera av rådmannen med tanke på utjamning av lønsjusteringar.
- e. Konesjonsavgiftene for 2018 – kr 7,3 mill, blir nytta til næringsutvikling/næringsarbeid (ansvar 410, 451, 453 og 454, 3,3 mill kr) og til dekning av avdrag på investeringar (4,0 mill).
- f. Eventuelt større positivt eller mindre netto driftsresultat for 2018 etter endeleg vedtak i kommunestyret blir justert mot avsetjing til disposisjonsfond.

2. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med pkt 8 i handlingsprogrammet. Kommunale avgifter, dvs vatn. og kloakkavgifter blir auka med 1,5% i 2018. Renovasjonsavgiftene og slamavgifta blir auka i høve til vedtak i representantskapet i Renovest IKS og feieavgifta blir auka i høve til vedtaket i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

3. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2018 blir vedteke slik det går fram av tabell 1, tabell 3 og tabell 4 - skjema 1A og 1B i HP.

4. Budsjettiltak

For å tilpasse utgifter og inntekter til dei fastsette måla, skal det bli gjennomført budsjettiltak i samsvar med tabell 3 i taldelen til budsjettframlegget.

5. Fordeling av utgifter mellom etatane.

Etatane sine driftsrammer går fram av tabell 1, 3 og 4 i HP/ØP.

6. Investeringar.

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2018 i tråd med tabell 2 og tabell 5 - skjema 2a og 2b i budsjettframlegget/HP.

7. Låneopptak

Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån til investeringar med inntil 6,3 mill. kr. i 2018.

8. Eigedomsskattevedtak for 2018

a) Verkeområde:

For skatteåret 2018 skal det skrivast ut eigedomsskatt på "verk og bruk", jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 fyrste ledd, bokstav c.

b) Eigedomsskattesats:

Eigedomsskattesatsen for 2018 er 7 promille, jf eskl.§ 11 fyrste ledd.

c) Terminar:

Skatten skrivast ut i to terminar, jf eskl § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 20. mars og andre termin er 20. september.

9. Sal av konsesjonskraft

Pristaket ved sal av særavtalekrafta (konsesjonskraft) blir sett til 36 øre pr kwh for 2018, ekskl. nettleige og alle avgifter.

10. Kontrollutvalet

Kommunestyret vedtek budsjett for 2018 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 861 000, i samsvar med framlegget frå Kontrollutvalet.

Tillegg i formannskapet:

1. Planområde 1 vert styrka med ei 100% stilling som næringskonsulent/næringsrådgjevar. Stillinga vert lyst ut på nyåret. (inndekking i endeleg budsjettramme)
2. Auke ramme til planområde 4, jfr alt 1 i nye tiltak 4.3 (inndekking i endeleg budsjettramme)
3. Auke stillingsprosenten til tildelingskontoret, pkt 3.3 nytt tiltak med 20%. Inndekking i endeleg budsjettramme
4. Flytte postar på Investeringsplanen:
 - a. Toalett Tokke skule kr 420 000 til 2018 og 400 000 til 2019
 - b. Carport heimesjukepleia til kr 200 000 til 2018
 - c. Garderoben til kommuneverkstaden kr 200 000 til 2018
5. Formannskapet ber administrasjonen legge fram ei sak som viser oversikt over praksis og kostnader for betala matpause for alle tilsette i Tokke kommune.